



Stendal VVS AS
Blombakken 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4683 - 14/17639

Saksbehandlar:
Kari Elisabeth Io
KEI@lindas.kommune.no

Dato:
04.08.2014

Svar på søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg - gbnr 196/136 - Midtgård.

Delegert sak.

Vi viser til søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg m/vedlagt planteikning/oppleggskjema VVS, situasjonsplan og godkjent erklæring, av 18.06.13.

Vi beklagar lang behandlingstid, på grunn av at søknaden var blitt forlagt i saksarkivet vårt.

Adresse byggeplass : Midtgardshøgda 22, 5915 Hjelmås
Type bygg : Nybygg einebustad.
Type arbeid : Tilkopling til kommunalt vatn og avløp og utføring av sanitæranlegg.

SØKNADEN ER GODKJENT PÅ FØLGJANDE VILKÅR:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avløp.

Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg søkjar/rørleggjar sitt ansvar å undersøka om det er naudsynt, og utførande rørleggjar/abonnent sitt ansvar å sørgja for og kosta dette. Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknytning vert utført, jfr. standard abonnementsvilkår.

Vi gjer merksam på at det er krav om 90 cm mellom topp hovedavløpsledning og lavaste sluk i hus.

For vassledning som går gjennom tomt må overdekning vera på min. 1,20 m på 63 mm.

Dersom det ikkje let seg gjera å få nok overdekning på vassledning, må det gjerast kompensierende tiltak.

Det skal sendast inn ferdigmelding til kommunen når arbeidet er utført (skjema vedlagt).



Faktura for tilknytingsgebyr vatn følgjer vedlagt til eigar.

Med helsing

Kari Elisabeth Io
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ingrid Woldseth og Andreas Kleiva

Midtgardshøgda
22

5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Stendal VVS AS

Blombakken 1

5911

ALVERSUND